

60 000 i minus kvar dag!

13.09.2012



Høgres haldning er i fokus i økonomidebatten. Her er formannskapsgruppa med Gunn Mari Moberg, Leif Sverre Enes og Peder Sjø Slettebø

Kvinnherad kommune pungar ut med 60 000 kroner meir kvar dag enn vi har inntekter til. Det var Kjell Yri (V) frå Uskedalen som påpeika dette under budsjetthandsaminga i formannskapet i dag. Han retta der eit spørsmål til ordføraren om den vidare forvaltning av kraftfondet som eit verkemiddel for å betra økonomien og fekk eit positivt svar.



Venstres Kjell Yri, Knut Prestnes og Ap-gruppa i formannskapet i dag
Yri ville veta om ordføraren ville fremja ei sak for kommunestyret om fondet og fekk opplyst at rådmannen allereie jobbar med saka.

Verdien av fondet ligg nå rundt 500 millionar etter den siste oppgangen på børsane,

Yri hadde to alternativ. Det eine var å utgreia om lover og reglar gjer det mogeleg at det årlege resultatet ikkje påverkar driftsrekneskapen direkte.

Det andre var å utgreia korleis ein på beste og raskaste måte kan realisera verdiane i i fondet til nedbetaling av gjeld og/eller nytta dei til nødvendige investeringar.

Det vart slege fast i formannskapet, av mellom andre Knut Prestnes (Uavhengig) at det ikkje er så mykje å henta på inntektssida, det som må skje er reduksjon av driftsutgiftene. Prestnes kom med kva han kalla ei innstendig bøn til Høgre om å visa ansvar og leggja fram konkrete forslag.

Aksel Kloster junior (Ap) slutta seg til dette og bad Høgre om å offentleggjera den hemmelege økonomiplanen hvis partiet har ein slik. Det skjedde ikkje og uskedalen.no har difor stilt dette spørsmålet til formannskapsmedlem Gunn Mari Moberg frå Uskedalen: Kva er Høgre si løysing på økonomifloka?

Moberg svarar med å visa til 4 punkt som partiet ikkje har fått tilslutning til:

- * At partiet var i mot diverse nye investeringar, som kulturskulen.
- * At det bør skje ein gjennomgang av den kommunale pengebruken
- * At tenester bør konkurranseutsetjast
- ' At VA-tenesten bør omleggjast

Så langt Høgre. Voss kommune har forresten ein minus på 71 000 om dagen, men det er ei mager trøyst.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen